



Delta Bolig Prosjektering AS  
Grøvlesvingen 29  
5108 HORDVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/4160 - 15/38196

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
23.12.2015

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 217/28 Romarheim

Kommunen har motteke søknader om løyve til oppføring av tilbygg til hytte, dispensasjon og utsleppsløyve i fleire sendingar 19.11 - 16.12.2015.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Søknaden er sendt inn som eitt-trinnssøknad, og ansvarleg søker opplyser at søknaden oppfyller krava til sak med 12 veker sakshandsamingsfrist. Det stemmer ikkje, fordi søknaden har vesentlege manglar.

### Planstatus:

Eigedommen ligg i uregulert **byggeområde for hytter** i kommuneplanen. I tillegg ligg han i område som i kommuneplanen er definert som **faresone skred** jf. pkt 7-3 i kommuneplanen sine føresegrer:

«Faresone skred markerer område som kan vera utsett for snøskred, steinsprang eller jordskred. Ved utarbeiding av reguleringsplan og ved søknad om tiltak etter pbl §§ 20-1 bokstav a, b, d, g, j, k, l og m samt 20-2 bokstav b og c, skal det gjerast ei vurdering av risiko for ras. Vurderinga skal omfatta både potensielt utløyingsområde og utlaupsområde og om naudsynt skal det nyttast geologisk kompetanse. Dersom det vert avdekket risiko, må tilstrekkeleg sikkerheit mot ras dokumenterast før det kan gjevast løyve til tiltak. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a.»

Tilbygget krev ei fagleg vurdering av risiko for ras, før vi kan handsama søknaden. Eventuelt kan vi handsama søknad om rammeløyve med vilkår om at rasfare skal vurderast før igangsettingsløyve kan gjevast.

Utsleppsløyve og løyve til utføring av avløpsanlegg kan vi eventuelt handsama separat.

Vi legg ved eit utsnitt av kommuneplankartet som pdf-fil.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

Kommuneplankart på nett:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317821615791.pdf>

Planføresegner:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317825466359.pdf>

Kommunen ber om at korrigert søknad/tilleggsdokumentasjon vert sendt inn **samla innan 01.02.2016**. Vi avventar vidare handsaming av del søknadane til vi får skriftleg tilbakemelding frå dykk. Dersom tilbakemelding ikkje er sendt til kommunen innan fristen vert saka **arkivert utan vidare handsaming**.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå iokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

217-28\_kommuneplan

### **Kopi til:**

Øyvind Vatne

Hallskaret 67

5117

ULSET

### **Mottakarar:**

Delta Bolig Prosjektering AS

Grøvlesvingen 29

5108

HORDVIK